

Innspel til «Høringsnotat med forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom.»

Hordaland Ungdommens Fylkesutval er eit av medverknadsorgana som dette vedtaket vil ramme og me ynskjer difor å uttale oss på vegne av ungdom i Hordaland.

Som Kommunal- og moderniseringdepartemente skriv i høyringsnotatet har ikkje ungdom opp til 18 år retten til å avgjev stemme ved offentlege val og avgjerder. I Hordaland Fylkeskommune har fylkestinget difor oppretta Hordaland Ungdommens Fylkesting(UFT) som overordna, avgjerande organ og Ungdommens Fylkesutval(UFU) som påverknadsorgan for ungdom i fylket.

Ungdommens Fylkesutval i Hordaland har helde på med aktivt ungdomsmedverknad i fleire år og har oppretta ei eigen form for medverknad som me synst gjeve gode resultat.

Organisering

Vår normale praksis har vore nokke liknande til det vaksne fylkesutvalets praksis og me har i stor grad prøvd å spegla deira arbeidsmodell. Me har ein arbeidsmodell med utval som behandlar spesifikke saker. Dette gjere at utvalet jobbar effektivt og målretta. Me i UFU meiner difor at medverknadsorgan for ungdom på fylkesplan burde utviklast som ei spegling av dei politiske organa i det fylket. Me ynskjer også at det vert lagt til rette for at desse medverknadsorgana skal ha direkte kommunikasjon med medverknadsorgan i kommunane rundt i fylket deira.

UFU meiner også det på lang sikt vert burde opprettast eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom.

Valbarheit

I høyringsutspelet, på side 8, under innleiinga om den nye forskrifta står det at «medlemmene skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år». UFU meiner at ein skal vere valbar til utvala heile det året ein fyllar 19 år.

Me ynskjer også at det også skal leggjast restriksjonar mot at folkevalde og folk med sentrale partipolitiske rollar som listetoppar eller styremedlemmer i parti skal ha moglegheit til å sitte i utvalet slik at medverknadsorgana kan halde seg nøytrale i forhold til partipolitikken.